

Innhold

Ressurshefte om argumenterende skriving	3
Kva er argumenterende skriving?	3
Kva treng elevar å vite om argumenterende skriving?	3
Å bruke språket som meningsskapande verktøy	4
Forslag til vurderingsskjema for argumenterende skriving	5
Sirkelen for undervisning og læring	6
Bygge kunnskap	7
Dekonstruere modelltekst	7
Konstruere tekst i fellesskap	7
Skrive individuelt	7
Bygge kunnskap om argumentasjon	8
Retoriske appellformer	8
Retoriske verkemiddel	8
Retoriske grep	9
Modelltekst som ein kan dekonstruere i lag med elevane	10
Tips til korleis ein kan arbeide med modellteksten	10
Modelltekst	11
Tips til korleis ein kan arbeide med modellteksten	12
Å skape variasjon	14
Å skape samanheng i teksten	15
Setningskopling	15
Referentkopling	17
Frå kvardagsspråk til fagspråk	18
Formål og mottakar bestemmer dei språklege vala du tar som skivar	19
Nominaliseringar	20
Skriverammer	21
Skriveramme som hjelp til å strukturere argument	22
Skriveramme for argumenterende tekst	23
Skriveramme med setningsstartarar	24
Skriveramme for avsnitt	25

Ressurshefte om Argumenterende skriving
Trude Kringstad og Vibeke Lorentzen

© 2014



Skrivesenteret

Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning

www.skrivesenteret.no

ISBN 978-82-93194-12-5 (trykt)
ISBN 978-82-93194-13-2 (pdf)

Første opplag 2014: 1 000 eks.

Layout: Skrivesenteret
Papir: 130g/200g Multiart Silk
Trykk: Skipnes Kommunikasjon AS, Trondheim

Ressurshefte om argumenterende skriving

Ressursheftet er meint som ei rettleiing til lærarar for å vidareutvikle undervisninga i argumenterende skriving. Her finst også oppgåver som lærarane kan ta med direkte ut i klasserommet.

Kva er argumenterende skriving?

Argumenterende tekstar har som formål å *påverke* eller *overtyde* lesaren om noko. Ofte argumenterer vi berre for vårt eige syn, vi presenterer argument berre for éi side av saka, men ein argumenterende tekst kan bli endå meir truverdig viss vi viser fram argument både for og mot saka. Dette ressursheftet viser korleis vi kan drive opplæring i denne forma for argumenterende skriving på ungdomstrinnet.

Kva treng elevar å vite om argumenterende skriving?

For å skrive gode argumenterende tekstar, treng elevane **god kunnskap om emnet** dei skal skrive om. I tillegg må elevane ha kunnskap om **tekststruktur og språkføring** i ein argumenterende tekst. Dei treng kunnskap om korleis **språkbruk** og **oppbygging av teksten** er med på å overtyde lesaren. Elevane treng å utvikle ei forståing for at dei språklege vala dei tek blir bestemte av **formål** og **mottakar** for teksten.

Sjølvsjå om dette ressursheftet viser til kompetansemåla i norsk for ungdomstrinn og vidaregåande skole, er arbeidsmåtane som vert presenterte relevante også i andre fag og på lågare klassetrinn.

Kompetansemål i norsk etter 10. trinn

Elevene skal kunne

- skrive ulike typer tekster etter mønster av eksempeltekster og andre kilder
- skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovedmål og sidemål med begrunnede synspunkter og tilpasset mottaker, formål og medium
- gjenkjenne retoriske appellformer og måter å argumentere på.

Kompetansemål i norsk etter vg1 og vg2

Elevene skal kunne

- gjøre rede for argumentasjonen i andres tekster og skrive egne argumenterende tekster på hovedmål og sidemål
- tilpasse språk og uttrykksmåter til ulike skrivesituasjoner i skole, samfunn og arbeidsliv

Å bruke språket som menings- skapande verktøy

Å utvikle seg fagleg handlar om å uttrykke seg på ein språkleg relevant måte innanfor dei ulike faga. I Kunnskapsløftet er skrivning definert som éi av fem grunnleggande ferdigheiter som er nødvendige føresetnader for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv (LK06, 2014).

Gjennom synleg og eksplisitt undervisning i språk og sjangrar i faga, legg ein grunnlag for at elevane kan utvikle seg og lære. Ved at læraren er tett på elevane gjennom heile skriveprosessen, frå førskrivefasen til slutføringa av teksten, får elevane hjelp til å forstå korleis tekstane er bygd opp og korleis dei sjølv kan konstruere desse tekstane.

Dette ressursheftet viser korleis læraren kan gå fram for å gi elevane eksplisitt skriveopplæring ved å bygge stillas for elevane når dei skriv. Stillasbygginga handlar om å gi elevane tekstlege forbilde og eksempel, dei får modellert ulike støttestrukturar som skriverammer og tekstbindararkiv, og dei får hjelp til å bygge ut enkle setningar til meir komplekse setningsstrukturar. Gjennom heile skriveprosessen går det føre seg ein kontinuerleg samtale om tekst og skrivning, noko som er med på å utvikle metaspråket til elevane – eit språk til å samtale om tekstar på.

I alle skrivesituasjonar har elevane ulike behov for støtte og utfordring. Dette skriveopplegget stiller høge krav og forventningar til det alle elevane presenterer. Den tilpassa opplæringa ligg i at elevane får støtte og rettleiing gjennom heile skriveprosessen slik at dei meistarar meir enn dei ville ha gjort utan denne støtta. For eksempel vil nokre elevar på ungdomstrinnet ha stor nytte av skriverammer som hjelp til å sjå føre seg oppbygging av teksten, mens andre elevar er komne så langt i skriveutviklinga at dei ikkje lenger treng denne forma for støtte.



«For første gang i norsk skolehistorie var det slått fast at det å forstå, lære og utøve et fag ikke kan ses uavhengig av det å skape mening med språket.

[...]

Reformen innebærer et gjennomslag for at fagenes grunnleggende mål er at elevene settes i stand til å utøve fagrelevant skrivning, lesing og muntlighet.»

(Kjell Lars Berge, 2005).

Kjelde:

Berge, Kjell Lars (2005). Skrivning som grunnleggande ferdighet og som nasjonal prøve – ideologi og strategier. I: A. J. Aasen & S. Nome (red.), *Det Nye norskfaget* (s.161-188). Bergen: Fagbokforlaget.


Forslag til vurderingsskjema for argumenterende skriving

Dette vurderingsskjemaet gir elevane ei oversikt over kva som blir kravd av ein god argumenterende tekst. I tillegg til god kunnskap om emnet dei skal skrive om, må dei ha kunnskap om tekst, grammatikk, samt eit ordforråd som tener formålet med teksten, altså å overtyde eller påverke lesaren. Slike vurderingsskjema må alltid tilpassast den spesifikke skriveoppgåva og den enkelte eleven.

Vurderingsskjema for argumenterende skriving		
Namn:	Trinn:	
Teksttype:	Argumenterende tekst	
Formål:	Presentere argument <i>for</i> og <i>mot</i> ei sak for å kunne komme fram til ein truverdig konklusjon som kan vere med på å overtyde lesaren av teksten	
Mottakar:	Lærarane ved skolen din	
Oppgåve:	Du skal skrive ein argumenterende tekst om eitt av desse tema: 1. Bruk av internett på eksamen/prøver 2. Bruk av mobiltelefon i skoletida	
Tekstkunnskap	Grammatikk-kunnskap	Ordkunnskap
Du skal kunne: <ul style="list-style-type: none">• bygge opp ein tekst med innleiing, hovuddel og avslutning• bygge opp avsnitt i hovuddelen gjennom å ta i bruk tema- og kommentarsetningar• understøtte eit argument ved å gi meir informasjon, vise til eksempel eller relatere til andre argument• ta ein skriveposisjon gjennom eit bevisst val av personlege pronomen	Du skal kunne: <ul style="list-style-type: none">• bruke nominaliseringar der det er formålstenleg• variere mellom enkle og meir komplekse setningar• bruke tekstbinding for å skape god samanheng i teksten	Du skal kunne: <ul style="list-style-type: none">• ta i bruk eit variert ordforråd• ta i bruk fagomgrep der det er naturleg
Formelle krav til teksten: Skriv i Times New Roman, linjeavstand 1.5, skriftstørrelse 12		
Eg stadfestar at dette er mitt eige arbeid. Eg stadfestar at eg har oppgitt alle kjeldene eg har brukt.		
Dato:	Signatur:	

Sirkelen for undervisning og læring

Sirkelen er oppdelt i fire fasar. Ein treng ikkje gå gjennom alle fasane kvar gong, og fasane kan byte plass innbyrdes.



Sirkelen er inspirert av:
http://www.decd.sa.gov.au/literacy/files/links/teaching_and_learning_cycl.pdf

Bygge kunnskap

I denne førskrivefasen utforskar elevlar og lærar skrivesituasjonen og skaffar seg kunnskap om emnet dei skal skrive om. Elevane må få hjelp til å tileigne seg eit relevant vokabular og lære omgrep og uttrykk som er knytte opp mot emnet dei skal skrive om. Dette kan også dreie seg om å gjere elevane kjent med ulike meiningsberande ressursar som tabellar, diagram og skjema.

Dekonstruere modelltekst

Eksplisitt skriveopplæring gir aktiv læring

I denne fasen får elevane presentert ein modelltekst. Dette kan vere ein tekst skrive av læraren, ein elev eller ein autentisk tekst. Modellteksten må vere eit godt eksempel på den teksten elevane sjølv skal skrive. Her diskuterer lærar og elevlar i fellesskap tekststruktur og spesifikke språktrekk i lys av formål med teksten og den konteksten teksten går inn i. Teksten blir dekonstruert, det vil seie at han blir plukka frå kvarandre i mindre delar for å sjå på dei språklege vala som er gjort. Målet er å utvikle eit metaspråkleg medvit hos elevane, det vil seie å gi elevane omgrep til å kunne sette namn på språktrekk i eigne og andre sine tekstar.

Konstruere tekst i fellesskap

I denne fasen skriv lærar og elevlar heile eller delar av ein tekst saman. Lærarens kunnskap om den aktuelle tekststrukturen og språklege trekk, blir synleggjort for elevane gjennom at læraren aktivt støttar og diskuterer teksten med elevane. Elevane kjem med sine innspel til teksten, og læraren stiller spørsmål som får elevane til å reflektere over om dei språklege vala tener formålet med teksten.

Skrive individuelt

Les meir om læringsfremmande undervegs-vurdering på:
<http://www.skrivesenteret.no/ressurser/funksjonell-respons/>

I denne fasen skriv elevane på eiga hand. Undervegs i skriveprosessen vil elevane ha ulikt behov for støtte. Gjennom forarbeidet til skrivinga har ein opparbeidd eit felles språk som er eit godt utgangspunkt for å gi læringsfremmande undervegs-vurdering av tekstane.

Ved å utvikle et felles språk for å samtale om tekst får elevane eit innsyn i og kunnskap om korleis tekstar blir til. Å utvikle skrivekompetansen til elevane handlar altså om å gjere skrivehandverket tydeleg og tilgjengeleg for elevane.

Kjelde:
Axelsson, M. (red.) (2009):
*Många trådar in i ämnet –
genrepedagogiskt arbete i
Knutbyskolan*


Bygge kunnskap om argumentasjon

Retoriske appellformer

Retorikk – kunsten å overtale andre, er blitt ein del av norskfaget også i ungdomsskolen. Med læreplanrevisjonen hausten 2013, fekk vi følgande kompetansemål etter tiande trinn innan hovudområdet *Språk, litteratur og kultur*: «Eleven skal kunne gjenkjenne retoriske appellformer og måtar å argumentere på» (Læreplanverket for Kunnskapsløftet).

Kjelde:
Læreplanverket for
Kunnskapsløftet.

Retorikken stammar frå antikken og var opphavleg brukt i samband med talekunst. I dag har retorikken ein sjølvskriven plass i både munnleg- og skriftleg argumentasjon.



Retoriske verkemiddel

For å *informere*, *påverke* og *overtale* lesaren ved hjelp av språket, kan vi ta i bruk tre ulike retoriske verkemiddel:

Etos: Skrivaren prøver å stå fram som tillitvekkande og truverdig.

Patos: Skrivaren prøver å vekke kjenslene hos lesaren.

Logos: Skrivaren prøver å appellere til fornufta hos lesaren.

Retoriske grep

Når vi skal påverke eller overtude ein lesar, tar vi i bruk det vi kan kalle *retoriske grep*. Vi diskuterer og uttrykker vår meining om saka gjennom *påstandar* og *argument*. Ein påstand er ei utsegn der vi hevdar noko som kan vere både sant og usant: «Dagens ungdom er late og driv dank!» For å overtude andre om at vi har rett i påstanden vår, må vi argumentere ved å underbygge påstanden. Dette gjer vi på ulike måtar, og i dette heftet deler vi argumenta inn i desse gruppene:

Ekspertargument:	<p>Dette argumentet viser til nokon som har høg truverd. For eksempel forskning, ein professor eller ein annan ekspert på området. Viss lesaren har tillit og kjennskap til eksperten, vil slike argument ha sterk overtudande kraft.</p> <p><i>Eksempel:</i> <i>Forskning viser at gutar les mykje mindre enn jenter.</i></p>
Faktaargument:	<p>Dette argumentet liknar på ekspertargumentet og det viser til vedtatte fakta. Argumentet kan altså kontrollerast ved å sjekke kjelda.</p> <p><i>Eksempel:</i> <i>Mens over 80 prosent av elevene som begynte på studieforberedende har gjennomført med full kompetanse etter fem år, gjelder dette for rundt 55 prosent av elevene som begynte på yrkesfag. (Regjeringen.no).</i></p>
Fleirtalsargument:	<p>Dette argumentet viser til kva alle, eller mange meiner.</p> <p><i>Eksempel:</i> <i>Mange meiner barn og unge bruker altfor mykje tid framfor skjerm og at dette gjer at dei ikkje er like fysisk aktive som før.</i></p>
Fornuftsargument:	<p>Dette argumentet viser til «sunn fornuft». Det som blir hevda treng ikkje nødvendigvis vere sant, men viser til kva skrivaren sjølv meiner om saka som blir diskutert.</p> <p><i>Eksempel:</i> <i>All fornuft tilseier at ungdommar blir usosiale av å bruke så mykje tid framfor dataskjermen.</i></p>
Parallellargument:	<p>Dette argumentet viser til liknande tilfelle, men argumentet treng ikkje vere truverdig og må undersøkast nærmare.</p> <p><i>Eksempel:</i> <i>Land det er naturleg å samanlikne seg med.</i></p>

Modelltekst som ein kan dekonstruere i lag med elevane

Tips til korleis ein kan arbeide med modellteksten

På dei neste sidene ser du ein modelltekst og eit forslag til kva ein kan sjå nærare på når ein dekonstruerer og utforskar modellteksten saman med elevane. Det er ikkje hensiktsmessig å ta tak i alle desse forslaga på same tid, men å velje ut bestemte aspekt som ein arbeider med.

Forslag til spørsmål ein kan stille:

- Korleis appellerer teksten til lesaren?
- Korleis vert haldning og nyansering uttrykt?
- Korleis vert struktur og samanheng skapt?
- Kva skapar variasjon i teksten?
- Korleis vert fagomgrep/abstraksjonar danna?
- Korleis uttrykke eit tenkt tilfelle?

Skap eit klasse-
rom der ein
diskuterer tekst
og skriving



Modelltekst

Skal vi ha ein leksefri skole?

I media har det den siste tida vore diskutert om vi skal ha ein leksefri skole eller ikkje. Dei fleste skolar gir likevel ei viss mengde lekser til elevane. Nokre hevdar at lekser er nødvendig for at foreldra skal få innsikt i skolearbeidet til barna og at repetisjon er nødvendig for å lære seg fagstoffet. Andre hevdar at lekser forsterkar sosiale skilnader i samfunnet. Denne teksten prøver å klargjere nokre av desse argumenta.

Forkjemparar for lekser meiner at stoffet ein har hatt undervisning i på skolen bør repeterast for at kunnskapen skal feste seg. Forsking viser at det einaste heimearbeidet som har læringseffekt, er lekser som er repetisjon av kjent stoff. Det er ulikt kor mykje tid til repetisjon den enkelte eleven treng, og dette er eit argument for at repetisjonen bør gå føre seg heime og ikkje på skolen. Føresetnaden må då vere at heimearbeidet er kjent for elevane og at det ikkje er snakk om innlæring av nytt stoff.

Motstandarar av lekser argumenterer ofte med at leksene tek frå barna fritid. Barna har lange skoledagar, og når dei kjem heim, ventar ulike fritidsaktivitetar. Både foreldre og barn har fulle arbeidsdagar, gjerne frå klokka åtte til fire, og lengre enn det, og treng ettermiddagen og kvelden til berre å vere saman, lage middag og snakke om dagens hendingar. Det siste familien treng er konfliktfylte situasjonar rundt lekser like før leggetid.

Når det gjeld argumentet om at lekser er nødvendige for at foreldra skal få innsikt i skolearbeidet til barna, er det klart at når foreldre og barn greier å samarbeide om leksene på ein god måte, kan leksesituasjonen bidra til dette. Føresetnaden for dette er at både elevar og foreldre veit kva oppgåvene krev og at dei har den kunnskapen dei treng for å løyse dei. Då kan ein greie å skape ei god stemning rundt det å gjere lekser.

Eit viktig argument mot lekser er som nemnt i innleiinga at lekser kan forsterke sosiale skilnader. Foreldre har ulike føresetnader for å hjelpe barna sine med leksene. Nokre foreldre er godt utdanna og veit kva skolen krev, mens andre foreldre derimot ikkje kjenner skolen like godt. For eksempel kan dette vere familiar som kjem frå andre kulturar, som kanskje ikkje meistarar det norske språket godt og som derfor ikkje greier å ha oversikt over kva skolen krev. Mange barn lever også i familiar som har ein veldig hektisk kvardag. Det kan vere foreldre som er skiftarbeidarar eller det kan vere familiar med berre ein vaksen til å følge opp skolearbeidet.

Konklusjonen er at lekser kan vere greit i små dosar. Det er for eksempel fint om barna har leselekser heime. Då kan dei snakke med foreldra om det dei les, og dette kan bli til ei hyggeleg leksestund. I tillegg kan det vere fint å repeterer noko av skolestoffet før for eksempel prøver og framføringar. Det er klart at skolearbeidet skal gå framom fritidsaktivitetar og vennar, men når nesten ein tredjedel av døgnet går med til å vere på skole og SFO, treng barna tid til å gjere heilt andre ting. Tenk berre om dei vaksne skulle kome heim til mange «lekser» etter ein lang arbeidsdag.

Tips til korleis ein kan arbeide med modellteksten

Struktur	Tekst	Språklege trekk
<p>Overskrift: Emne; utforma som ein påstand eller eit spørsmål</p> <p>Innleiing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Introduksjon av temaet • Kort presentasjon av argument som skal utforkast i teksten <p>Hovudargument 1: Temasetning – innleier eit avsnitt med eit hovudargument</p> <p>Kommentarsetning – utdjupar hovudargumentet som temasetninga løftar fram</p> <p>Hovudargument 2: Argument FOR eller MOT saka</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvidar eit syn som er FOR eller MOT • bevis som støttar argumentet 	<p>Skal vi ha ein leksefri skole?</p> <p>I media har det den siste tida vore diskutert om vi skal ha ein leksefri skole eller ikkje. Dei fleste skolar gir likevel ei viss mengde lekser til elevene. Nokre hevdar at lekser er nødvendig for at foreldra skal få innsikt i skolearbeidet til barna og at repetisjon er nødvendig for å lære seg fagstoffet. Andre hevdar at lekser forsterkar sosiale skilnader i samfunnet. Denne teksten prøver å klargjere nokre av desse argumenta.</p> <p>Forkjemparar for lekser meiner at stoffet ein har hatt undervisning i på skolen bør repeterast for at kunnskapen skal feste seg. Forsking viser at det einaste heimearbeidet som har lærings-effekt, er lekser som er repetisjon av kjent stoff. Det er ulikt kor mykje tid til repetisjon den enkelte eleven treng, og dette er eit argument for at repetisjonen bør gå føre seg heime og ikkje på skolen. Føresetnaden må då vere at heimearbeidet er kjent for elevene og at det ikkje er snakk om innlæring av nytt stoff.</p> <p>Motstandarar av lekser argumenterer ofte med at leksene tek frå barna fritid. Barna har lange skoledagar, og når dei kjem heim, ventar ulike fritidsaktivitetar. Både foreldre og barn har fulle arbeidsdagar, gjerne frå klokka åtte til fire, og lengre enn det, og treng ettermiddagen og kvelden til berre å vere saman, lage middag og snakke om dagens hendingar. Det siste familien treng er konfliktfylte situasjonar rundt lekser like før leggetid.</p>	<p>Kan utformast som eit spørsmål eller ein påstand</p> <p>Innleiinga: Introduserande setnings-startare som: - I media har det den siste tida vore diskutert... - Det er både fordelar og ulemper med...</p> <p>Ulike argumentasjonsformer: Ekspertargument: - Forsking viser at... Fleirtalsargument: - Mange hevdar at... Parallellargument: - Viss andre land i Norden gjer det, må også vi gjere det. Fornuftsargument: - All fornuft tilseier at det er lurt å gjere lekser.</p> <p>Skifte frå subjektiv til objektiv stemme i teksten: - Ikkje eg eller du Eksempel: Eg meiner at lekser er tar for mykje tid -> -Motstandarar av lekser argumenterer med at leksene tar for mykje tid</p> <p>Synonym og antonym for motstandarar og tilhengjarar: - supportarar, støttespelarar, forkjemparar, entusiastar - opposentar, skeptikarar, kritikarar, pessimistar, tvilarar</p> <p>Synonym for å seie og tenke (verb): - hevde, argumentere, spørje, ivareta, seie, tilbakevise, proklamere, motseie, erklære, vedgå, erkjenne - tenke, tru, meine, anta, vurdere, bedømme, grunngi</p>

Struktur	Tekst	Språklege trekk
<p>Hovudargument 3: Argument FOR eller MOT saka</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvidar eit syn som er FOR eller MOT • bevis som støttar argumentet <p>Hovudargument 4: Argument FOR eller MOT saka</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvidar eit syn som er FOR eller MOT • bevis som støttar argumentet <p>Konklusjonen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • oppsummerer argumenta • presenterer eit syn som meir gyldig enn eit anna • tilfører ikkje inn noko nytt 	<p>Når det gjeld argumentet om at lekser er nødvendige for at foreldra skal få innsikt i skolearbeidet til barna, er det klart at når foreldre og barn greier å samarbeide om leksene på ein god måte, kan lekkesituasjonen bidra til dette. Føresetnaden for dette er at både elevar og foreldre veit kva oppgåvene krev og at dei har den kunnskapen dei treng for å løyse dei. Då kan ein greie å skape ei god stemning rundt det å gjere lekser.</p> <p>Eit viktig argument mot lekser er som nemnt i innleiinga at lekser kan forsterke sosiale skilnader. Foreldre har ulike føresetnader for å hjelpe barna sine med leksene. Nokre foreldre er godt utdanna og veit kva skolen krev, mens andre foreldre derimot ikkje kjenner skolen like godt. For eksempel kan dette vere familiar som kjem frå andre kulturar, som kanskje ikkje meistrar det norske språket godt og som derfor ikkje greier å ha oversikt over kva skolen krev. Mange barn lever også i familiar som har ein veldig hektisk kvardag. Det kan vere foreldre som er skiftarbeidarar eller det kan vere familiar med berre ein vaksen til å følge opp skolearbeidet.</p> <p>Konklusjonen er at lekser kan vere greit i små dosar. Det er for eksempel fint om barna har leselekser heime. Då kan dei snakke med foreldra om det dei les, og dette kan bli til ei hyggeleg leksestund. I tillegg kan det vere fint å repetere noko av skolestoffet før for eksempel prøver og framføringar. Det er klart at skolearbeidet skal gå framom fritidsaktivitetar og vennar, men når nesten ein tredjedel av døgnet går med til å vere på skole og SFO, treng barna tid til å gjere heilt andre ting. Tenk berre om dei vaksne skulle kome heim til mange «lekser» etter ein lang arbeidsdag.</p>	<p>Synonym for debatten (substantiv): - debatt, disputt, kontrovers, usemje, diskusjon</p> <p>Tekstbindarar som skaper samanheng:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Additive forbindarar og, samt, også, vidare, dessutan, forresten, på same måte som, for eksempel, til dømes, til og med, i tillegg til • Adversative forbindarar men, endå, sjølv om, derimot, likevel, i staden for, trass i, tvert i mot • Alternative eller, enten - eller, alternativt • Kausale forbindarar for, så fordi, då, slik at, viss, derfor, altså, dermed, såleis, på grunn av, følge av, årsaka til, av den grunn • Temporale forbindarar då, når, mens, innan, sidan, så, deretter, etterpå, endeleg, seinare, tidlegare, samtidig, etter ei stund, på den tid <p>Konklusjonen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan vere meir bestemt og faktoorientert • bruk av ord som understreker, oppsummerer og konkluderer (på bakgrunn av, for å konkludere, som ein følgje av) <p>Å uttrykkje eit tenkt tilfelle, det hypotetiske:</p> <ul style="list-style-type: none"> • om eg hadde ... • tenk om ...

Å skape variasjon

Tilhengarar – dei som er samde om at vi skal ha lekser
Motstandarar – dei som er usamde om at vi skal ha lekser

Ord for tilhengarar og motstandarar av ei sak er veldig nyttige når vi skriv argumenterande tekstar. Då kan du erstatte setningar som «eg trur...» eller «eg er ueinig i...» med «Talsmenn for... meiner at...» eller «Kritikarar hevdar at...». Dette er med på å gjere teksten din meir objektiv og sakleg.

Oppgåver

1.

Orda under står hulter til bulter. Sorter dei inn i tabellen.

tvilarar – kritikarar – støttespelarar – entusiastar – skeptikarar –
talsmenn for – pessimistar – optimistar

Motstandarar	Tilhengarar

2.

Sjå gjennom modellteksten. Set ring rundt alle orda som kan knytast til enten tilhengarar eller motstandarar av lekser.



Å skape samanheng i teksten

Setningskopling

Dette er grammatiske kategoriar som er med på å skape samanheng i teksten og som er nyttige å bruke når du skal bygge ut setningane dine frå enkle til meir komplekse setningar.

Type forbindarar	Grammatisk kategori	Eksempel
Additive forbindarar	<ul style="list-style-type: none">Konjunksjonar:Adverb:Adverbiale uttrykk:	<ul style="list-style-type: none">og, samtogså, vidare, dessutan, forrestentil og med, på same måte som, for eksempel
Adversative forbindarar	<ul style="list-style-type: none">Konjunksjonar:Subjunksjonar:Adverb:Adverbiale uttrykk:	<ul style="list-style-type: none">menendå, sjølv omderimot, likevel, i staden fortrass i, tvert i mot
Alternative forbindarar	<ul style="list-style-type: none">Konjunksjonar:Adverb:	<ul style="list-style-type: none">eller, enten – elleralternativt
Temporale forbindarar	<ul style="list-style-type: none">Subjunksjonar:Adverb:Adverbiale uttrykk:	<ul style="list-style-type: none">då, når, mens, innan, sidanså, deretter, etterpå, endeleg, då, når, seinare, tidlegare, samtidigetter ei stund, på den tid, ut i dei små timar
Kausale forbindarar	<ul style="list-style-type: none">Konjunksjonar:Subjunksjonar:Adverb:Adverbiale uttrykk:	<ul style="list-style-type: none">for, såfordi, da, slik at, vissderfor, altså, dermed, såleispå grunn av, følge av, årsaka til, av den grunn

Tabellen er henta frå Iversen H. M., Otnes, H., Solem M. S. (2011). Grammatikken i bruk, (s. 121). Cappelen Forlag, Oslo.

I dette eksempelet frå avsnitt fem i modellteksten ser vi korleis ulike forbindarar koplar setningane saman:

Nokre foreldre er godt utdanna og veit kva skolen krev, **mens** andre foreldre **derimot** ikkje kjenner skolen like godt. **For eksempel** kan dette vere familiar som kjem frå andre kulturar, som kanskje ikkje meistrar det norske språket godt og som **derfor** ikkje greier å ha oversikt over kva skolen krev. Mange barn lever **også** i familiar som har ein veldig hektisk kvardag. Det kan vere foreldre som er skiftarbeidarar **eller** det kan vere familiar med berre ein vaksen til å følge opp skolearbeidet.

Oppgåve

Konjunksjonar og subjunksjonar (underordna konjunksjonar) er ein type ord som bind saman eit eller fleire ord, frasar og setningar.

Eksempel: Iris bruker briller *fordi* ho ser så dårleg.

Vel ein konjunksjon frå lista under for å binde saman setningspara i kvar oppgåve. Bruk flest mogleg av konjunksjonane i lista.

men – og – for – så – mens – viss – eller – sjølv om – fordi

1. Han er sjuk i dag. Han hadde på seg lite klede i går.

2. Vibeke drog på kino. Ho såg Hunger games.

3. Sola skein. Vi bestemte oss for å dra på stranda.

4. Esben kom på besøk. Vi kunne leike saman.

5. Eg åt middag. Eg såg på TV.

6. Eg kan hjelpe deg i dag. Eg kan hjelpe deg i morgon.

7. Eg har ete masse. Eg er framleis svolten.

8. Trude elsker å kjøyre berg- og dalbane. Ho har høgdeskrekk.

Det er ikkje formålsteneleg å bruke denne typen innfyllingsoppgåver lausrivne frå ein samanheng.

Slike oppgåver må knytast opp mot skrivinga til eleven. Det betyr at om elevane har øvd på å bygge ut setningar med bruk av konjunksjonar, bør dette vere utgangspunkt for respons og revidering av elevtekstane.

Referentkopling

Kjelde:

Iversen, H. M., Otnes, H. & Solem, M. S. (2011). Grammatikken i bruk, (s. 125). Oslo: Cappelen Akademisk.

«Referentkoplinger bygger på prinsippet om gjentakelse. Et element i den ene setningen blir – på en eller annen måte – gjentatt i den neste.» Når ein dekonstruerer ein modelltekst, kan ein gå på jakt etter slike samanhengskjeder. Det kan vere ord og fraser som høyrer til same tydingsområde, leksikalske koplingar, og det kan vere grammatiske koplingar som vert etablerte ved hjelp av grammatiske kategoriar som komparativar, pronomener og bestemt artikkel.


I dette eksempelet fra modellteksten ser vi korleis ord som er tematisk knytte saman, dannar ei slik samanhengskjede:

Fjerde avsnitt:

«Når det gjeld argumentet om at **lekser** er nødvendige for at foreldre skal få innsikt i **skolearbeidet** til barna, er det klart at når foreldre og barn greier å samarbeide om **leksene** på ein god måte, kan leksesituasjonen bidra til dette. Førsetnaden for dette er at både elevar og foreldre veit kva **oppgåvene** krev og at dei har den kunnskapen dei treng for å løyse **dei**. Då kan ein greie å skape ei god stemning rundt det å gjere **lekser**.»

Samanhengskjede:

Lekser – skolearbeidet – leksene – oppgåvene – dei – lekser



Frå kvardagsspråk til fagspråk

Uformelt språk <ul style="list-style-type: none">• skrivaren er tydeleg til stades i teksten• bruk av personleg pronomen (eg/vi)• bruk av subjektivt språk	Frå uformelt til formelt språk	Formelt språk <ul style="list-style-type: none">• skrivaren er «skjult» i teksten• trekker inn andre sitt perspektiv• lite bruk av personleg pronomen• bruk av objektivt språk (passiv stemme)• nominaliseringar (verb og adjektiv blir omdanna til substantiv, sjå side 20)• støttar seg på ei fagleg relevant kjelde/sitere kjelder
Eksempel: <p><i>Eg meiner at regjeringa bør auke flyktningekvoten til Noreg.</i></p> <p><i>Eg meiner det er sannsynleg at styresmaktene aukar flyktningekvoten.</i></p>		Eksempel: <p><i>Det er ingen tvil om at regjeringa bør tillate at fleire flyktningar kjem til Noreg. (Skjult skriar).</i></p> <p><i>Det blir hevda at lekser skaper sosiale skilnader. (Passiv stemme).</i></p> <p><i>Sannsynet for at regjeringa aukar flyktningekvoten er stor. (Nominalisering).</i></p> <p><i>FN støttar ein auke i tal på flyktningar til Noreg. (Fagleg kjelde og nominalisering).</i></p>

Å bevege seg mellom det kvardagslege og det formelle språket

Modellen over viser ytterpunkta i språkleg samhandling. Den venstre sida viser det meir munnlege og kvardagslege språket, den personlege stemma vi ofte bruker i her og no-situasjonar. Høgresida viser det språket vi ofte finn i akademiske tekstar som gjerne er bygd opp av passivkonstruksjonar.

Elevane må verte bevisstgjorte på at vi har eit språkleg register vi kan ta i bruk i ulike samanhengar, og at graden av abstrakt språk vil vere avhengig av kva teksttype eleven skriv. For eksempel er det i matematikk og naturfag store krav til eit presist språk og bruk av mange fagomgrep for å kunne snakke om dei ulike objekta og fenomenena. Då er gjerne aktørane utelatne fordi tekstane ikkje først og fremst handlar om personar som utfører ei handling, men meir om fenomenena og objekta teksten tematiserer.

For å snakke om fenomen treng vi nominaliseringar, men samtidig må nominaliseringar brukast med omhug slik at teksten ikkje blir ramma av det som vi ofte omtalar som substantivsjuke. Det bør i skoleløpet vere ein progresjon i bruk av det formelle språket, både i tekstane elevane les og i tekstane dei sjølv skriv.

Formål og mottakar bestemmer dei språklege vala du tar som skrivar

Når du skriv ein tekst, må du tenke på korleis du ønsker at lesaren skal oppfatte deg. Ønsker du å stå fram som ein som har god fagleg kunnskap om det du skriv om, må du ofte støtte deg på kjelder og andre fagpersonar. Derfor er det viktig å vere medviten om kva synsvinkel du skriv ut ifrå. Formål med og mottakar av teksten vil vere med på å avgjere kva for skrivarposisjon du tar:

- **Formål**
Kva vil eg oppnå med teksten min?
(overtude)
- **Mottakar**
Kven skriv eg for?
(lærer, rektor, lesarar av lokalavisa, foreldre)
- **Skrivarposisjon**
Kven skriv eg som?
(forskar, opprørt forelder, ein som synleg støttar saka, engasjert elev)
- **Haldning**
Kva kjensler vil eg vekke hos lesaren?
(provosert, bekymra, interessert)

«I fagtekster generelt snakker vi mindre om personer og mer om fenomenar»

(Maagerø & Skjelbred, 2010)

Kjelde:
Maagerø, E. & Skjelbred, D. (2010). *De mangfoldige realfagstekstene. Om lesing og skrivning i matematikk og naturfag*. Bergen: Fagbokforlaget.

1. person	2. person	3. person
Når vi skriv ut frå ein fyrste persons synsvinkel, bruker vi <i>eg</i> eller <i>vi</i> . Då er vi ganske uformelle, og denne synsvinkelen passar godt når vi skriv brev, e-postar eller når vi skal gjenfortelje noko vi sjølv har vore med på.	Når vi skriv ut frå ein andre persons synsvinkel, bruker vi <i>du</i> eller <i>de</i> , for eksempel når vi skal gi instruksjonar.	Når vi skriv ut frå ein tredje persons synsvinkel, skriv vi <i>han/ho/dei</i> . Dette er den mest formelle synsvinkelen som passar godt når vi skal skrive argumenterande tekstar. Då bør vi utelate dei personlege pronomena <i>eg</i> og <i>vi</i> og heller trekke inn andre sine perspektiv. Eksempel: <i>Forskning viser at..., I media blir det hevda at..., Mange motstandarar meiner...</i> I konklusjonen derimot kan det vere greit å skrive <i>eg</i> eller <i>vi</i> når du hevdar – på bakgrunn av argumenta i teksten – det som er <i>ditt</i> syn på saka.

Nominaliseringar

Kva er nominaliseringar?

- Nominaliseringar er når verb og adjektiv blir omdanna til substantiv

Kvifor bruker vi nominaliseringar?

- Nominaliseringar er ofte fagomgrep
- Nominaliseringar skaper meiningstette setningar
- Nominaliseringar gjer det mogleg å uttrykke seg presist
- Nominaliseringar gjer ofte språket meir formelt og «vitskapeleg»

Eksempel

- Læraren forventar at elevane gjer mykje heimearbeid, men det er urealistisk.
- Læraren sine forventningar om at elevane skal gjere mykje heimearbeid er urealistiske.

Nominalisering: frå verb til substantiv

Verb	Substantiv	Verb	Substantiv
byrje	byrjing	informere	informasjon
utdanne	utdanning	utforske	utforsking
observere	observasjon	gjennomgå	gjennomgang
evaluere	evaluering	konstruere	konstruksjon
vurdere	vurdering	forklare	forklaring
føresette	føresetnad	drøfte	drøfting
velje	val	introdusere	introduksjon
argumentere	argumentasjon	forsvare	forsvar
tape	tap	organisere	organisering
konkludere	konklusjon	tillate	tillating
diskutere	diskusjon	oppdage	oppdaging

Gi rammer som støtte for læring



Skriverammer

Skriverammer er konkrete støttestrukturar eller skrivestillas som kan fungere som ei støtte i ein tidleg fase av skriveprosessen. Rammene kan vere utforma som skjema og/eller startsetningar som hjelper elevane til å sjå føre seg korleis den ferdige teksten kan sjå ut til slutt. Skriverammene hjelper elevane til å få eit overblikk over tekststrukturen, i tillegg til at dei bryt teksten ned i mindre delar som er lettare å arbeide med.

Det er viktig at skriverammene ikkje blir reduserte til skjematisk utfyllingsoppgåver. Læraren bør modellere og rettleie i bruken av skriverammene. Det inneber å diskutere formål og nytte av rammene med elevane før dei sjølve bruker dei som støtte i eiga skrivning. Skriverammene er fleksible verktøy som kan brukast for å planlegge og strukturere eigen tekst, men på ungdomstrinnet vil det også vere mange elevar som ikkje lenger treng denne forma for støtte.

Pluss	Minus	Interessant!
Desse idéane/tankane vil vere viktige for argumentasjonen din. Syn/påstandar som du ønsker å argumentere for.	Desse idéane/tankane må du tilbakevise i teksten din. Syn/påstandar som du ønsker å argumentere mot.	Dette er nokre interessante idéar/tankar som du må undersøke nærare.

Skriveramme som hjelp til å strukturere argument

Skjemaet under kan hjelpe elevane å strukturere tankane dei har om emnet dei vil diskutere. Her kan dei sette opp argumenta for og mot saka ved hjelp av stikkord:

Emnet vi diskuterer er:	
Argument for:	Argument mot:
Min konklusjon basert på argumenta er:	



Skriveramme for argumenterende tekst

Denne skriveramme hjelper elevane med å strukturere innhaldet i tekstane sine i ulike delar. Setningsstartarane er ei hjelp til å sjå korleis dei kan innleie kvart avsnitt. Her er det viktig at dei tenker på variasjon og på det å få til god samanheng i teksten.

Tekst- struktur	Innhald	Eksempel på setningsstartarar
Innleiing	Bakgrunn – seier noko om kva teksten handlar om	<ul style="list-style-type: none"> • I valkampen har vi høyrte at... • I media har det den siste tida vore diskutert...
Første argument	<p>Temasetning:</p> <ul style="list-style-type: none"> • introdusere første argument <p>Kommentarsetningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • bygger ut argumentasjonen ved å gi mer informasjon • støttar argumentasjonen ved å vise til eksempel • knyter argumentet til påstandar frå innleiinga 	<ul style="list-style-type: none"> • Motstandarar av... meiner/hevdar/seier at... • Tilhengarar av... meiner/hevdar/seier at... • Eit viktig argument i diskusjonen er... • Først vil eg trekke fram argumentet om... • Det første argumentet eg vil trekke fram er...
Andre argument	<p>Temasetning:</p> <ul style="list-style-type: none"> • introdusere andre argument <p>Kommentarsetningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • bygger ut argumentasjonen ved å gi meir informasjon • støttar argumentasjonen ved å vise til eksempel • knyter argumentet til påstandar frå innleiinga 	<ul style="list-style-type: none"> • Eit anna viktig argument er ... • Det andre argumentet eg vil trekke fram er... • Motstandarar av... meiner/hevdar/seier at... • Tilhengarar av... meiner/hevdar/seier at...
Tredje argument	<p>Temasetning:</p> <ul style="list-style-type: none"> • introdusere tredje argument <p>Kommentarsetningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • bygger ut argumentasjonen ved å gi meir informasjon • støttar argumentasjonen ved å vise til eksempel • knyter argumentet til påstandar frå innleiinga 	<ul style="list-style-type: none"> • Eit anna viktig argument er ... • Det tredje argumentet eg vil trekke fram er... • Motstandarar av... meiner/hevdar/seier at... • Tilhengarar av... meiner/hevdar/seier at... • Nokre hevdar også at...
Fjerde argument	<p>Temasetning:</p> <ul style="list-style-type: none"> • introdusere fjerde argument <p>Kommentarsetningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • bygger ut argumentasjonen ved å gi mer informasjon • støttar argumentasjonen ved å vise til eksempel og kjelder • knyter argumentet til påstandar frå innleiinga 	<ul style="list-style-type: none"> • Eit annet viktig argument er ... • Det fjerde argumentet eg vil trekke fram er... • Motstandarar av... meiner/hevdar/seier at... • Tilhengarar av... meiner/hevdar/seier at... • Nokre hevdar også at...
Konklusjon	Oppsummering av hovudpoenga i teksten som leier fram til konklusjonen. Her kan di eiga mening kome tydeleg fram.	<ul style="list-style-type: none"> • Konklusjonen er... • På bakgrunn av argumenta som er komne fram i denne teksten, vil eg konkludere med...

Skriveramme med setningsstartarar

Det er i dag mykje diskusjon om:

Dei som er einige i dette meiner at:

Dei hevdar også at:

Eit anna argument dei bruker er at:

I motsetning til dette meiner andre at:

Dei meiner også at:

I tillegg seier dei at:

Etter å ha sett meg inn i begge sider av saka, er mitt syn at:

Skriv i alle fag
på dei ulike faga
sine premissar
og bruk skrivning i
kunnskaps-
tileigninga

Skriveramme for avsnitt

Kvart avsnitt kan bestå av fem setningar for eksempel slik:	
Første setning	Temaet for avsnittet
Andre, tredje og fjerde setning	Temaet blir utvikla: <ul style="list-style-type: none">• Utdjupe (gi meir informasjon)• Gi eksempel• Vise til kjelder og relevant fagstoff
Femte setning	Ei avslutning eller ein konklusjon som oppsummerer innhaldet i avsnittet, fullfører resonnementet eller leier over til tema-setninga i neste avsnitt


Eksempel på oppbygging av avsnitt

Det er mykje diskusjon om i kva grad genteknologi er farleg (**temasetning**). Motstandarane av genteknologi hevdar at dette er farleg fordi dette er ny teknologi innanfor bioteknologi som vi ikkje kjenner konsekvensane av enno (**utdjupe**). Dei seier også at genteknologien analyserer og fører til endringar på DNA-et til en organisme, og dette kan medføre uventa konsekvensar (**eksempel/fagstoff**). Dessutan kan kunnskapen misbrukast om han kjem i galne hender, samtidig som vi kan få svar vi eigentleg ikkje ønsker å få (**konklusjon/overgang neste avsnitt**).

Men det er også sterke argument mot desse synspunkta. Menneska har brukt kunnskap om biologi gjennom tusenvis av år til å lage mat og medisinar, og genmodifiserte bakteriar kan produsere nyttige vitaminar og proteinar (**temasetning**). Insulin er eit slikt protein som blir produsert av genmodifiserte bakteriar (**eksempel**). I tillegg kan DNA-analysar av blod og hår frå ein åstad vere med på å oppklare kriminalsaker (**eksempel og fagstoff**). På same måte kan analysar av blod også finne ut om du er berar av arvelege sjukdommar som kan bryte ut seinare i livet (**eksempel og fagstoff**). Genteknologi kan samtidig vere løysinga på store matutfordringar i framtida. «Matsminke» bidrar til at blant anna frukt og grønt kan fraktast over store avstandar utan at det rotnar (**konklusjon/overgang neste avsnitt**).

Tillegg

På skrivesenteret.no finn du fleire relaterte ressursar.



Gode skrivestrategiar

Filmen viser eit heilskapleg undervisningsopplegg som gir lærarar kunnskap og idear til korleis dei kan arbeide for å utvikle elevane sine skrivestrategiar i dei ulike fasane av skriveprosessen.


www.skrivesenteret.no/ressurser/skrivestrategier-pa-ungdomstrinnet/



Elevens naturfagrapport som eksempel tekst

Filmen viser kvifor gode elevtekstar er eigna til å synleggjere tekstkulturen i dei enkelte faga.

www.skrivesenteret.no/ressurser/elevens-naturfagrapport-som-eksempeltekst/



Rammer for skrivning

Å gi rammer for skrivning handlar om å gi elevane modellar for tekstane dei sjølv skal skrive gjennom å bruke eksempeltekstar, modellere skriveprosessen og å ta i bruk skriverammer.

www.skrivesenteret.no/ressurser/rammer-for-skriving-1/



Videorespons

Mange lærarar bruker mye tid på vurderingsarbeidet sitt. Videorespons er eit verktøy som kan vere med på å forenkle dette tidkrevjande arbeidet.

www.skrivesenteret.no/ressurser/videorespons/



Linjerespons

Linjerespons er ein effektiv og god metode for å gi respons på elevtekstar i plenum.

www.skrivesenteret.no/ressurser/linjerespons/



Andre ressursar



Skriving i FYR

Ingrid Metliaas (2012)
Oppgavehefte laga til FYR-
prosjektet.



I skrivande stund

Tonje Smedbr ten (2011)
Praktiske aktivitetar i arbeidet
med lese- og skrivestrategiar. Heftet er
laga til Ny GIV.



Plakatar

Plakatar og hefte bestiller du p  www.skrivesenteret.no

Argumenterende skriving

Eksplisitt skriveopplæring gir aktiv læring

Ressursheftet er meint som rettleiing til lærarar som ønsker å vidareutvikle undervisninga i argumenterende skriving. Her følgjer vi eit skriveopplegg der læraren byggjer stillas for elevane si skriving gjennom heile skriveprosessen.

Stillasbygginga består i å gi elevane tekstlege forbilde og eksempel for tekstane dei sjølv skal skrive. Gjennom dekonstruksjon av modelltekst og felles konstruksjon av ein argumenterende tekst vert elevane gjort bevisste på korleis formål og mottakar er med på å bestemme dei språklege vala dei tek.

Heftet tek utgangspunkt i kompetansemål i norsk for ungdomstrinn og vidaregåande skole, men arbeidsmåtane som vert presenterte er relevante også i andre fag og på lågare klassetrinn.

SKRIVE - LÆRE - DELTA



Skrivesenteret

Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning

Høgskolen i Sør-Trøndelag

7004 Trondheim

www.skrivesenteret.no

ISBN 978-82-93194-12-5 (trykt)

ISBN 978-82-93194-13-2 (pdf)